



Landslaget for Lokalaviser

Til
Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale om forslag til endring i forskrift om tilskott til samiske aviser

Landslaget for Lokalaviser, LLA ser det som svært positivt med ein vesentleg auke i tilskotet til samiske aviser. Vi ser det og som positivt og at forskriften blir tilpassa slik at det kan koma samiske dagsaviser.

Det er og viktig at det blir gitt støtte til lokalaviser som nyttar samisk språk i avisene der dette er naturleg. LLA ser det difor som positivt at det blir foreslått å innføra ei eiga ordning for sørsamisk i tillegg til ordninga for lulesamisk. Men denne støtta må aukast vesentleg i forhold til forslaget til forskrift om ein skal nå ønska mål.

Samiske dagsaviser

Den samiske befolkninga har framleis ein situasjon som krev spesielle tiltak, gjennom positiv særbehandling. LLA vil understreka behovet for samiske aviser både på samisk og på norsk. Jfr. Sametingets medieundersøking frå 2000 som viser at om lag $\frac{3}{4}$ av Sametingets veljarar er avhengig av å få skriftleg informasjon på norsk for å forstå innhaldet. Tilskotsordninga må difor ivareta omsynet til norskspråklege sameaviser si viktige rolle i revitalisering og utvikling av samisk identitet også for dei som er offer for tidlegare fornorskingspolitikk.

Begge aviser som nå er aktuelle som samiske dagsaviser, den nye samanslåtte avisa Avvir på samisk og Sagat på norsk, fortener gode rammevilkår. Utgangspunktet bør vera at avisene blir handsama likt, men at det blir gitt kompensasjon for meirkostnader på grunn av samisk tekst.

Fordelinga av produksjonstilskot mellom aviser med samisk og norsk tekst må så langt som muleg byggja på objektive kriterier og slik bli oppfatta som rettvis for alle.

LLA har fått innspel på at framlagde simuleringar for drift etter overgangsperioden ikkje er heilt dekkande.

Prinsipielt bør ein ta utgangspunkt i normalsituasjon etter omlegginga til dagsaviser, med samme utgjevarfrekvens og sidetal for den samiskspråklege og norskspråklege avisa.

Grunntilskotet bør utgjera ein vesentleg del av støtta for å gje forutsigare rammevilkår. Den variable delen av tilskotet bør gå til begge aviser, men med ein høgare faktor for den samiskspråklege avisa ut frå reelle meirutgifter for samisk tekst ut frå dagens produksjonsteknologi. I tillegg bør tilskotet innehalda ein viss motivasjon til bruk av samisk språk.

LLA ser det som svært viktig at forskriften blir oppfatta å gje rettvis fordeling mellom avisene.



Side 2 – Høyringsuttale forskrift samiske aviser

Støtte til lulesamisk og sørsamisk i lokalaviser

Det er viktig at støtteordninga for lulesamisk og sørsamisk blir lagt til rette slik at det blir økonomisk muleg å nytta desse språka som del av innhaldet i dei aktuelle lokalaviser.

Dette er samiske språk som er nytta i avgrensa geografiske område og av eit relativt lite antall personar. Det krev difor godt tilpassa tilskotsordningar for å halda skriftspråket i hevd gjennom bruk i lokalavisene.

Lokalavisa NordSalten har sitt primære dekningsområde i kommunane Tysfjord, Hamarøy og Steigen. Dette området er samtidig både historisk og i dag kjerneområde for den lulesamiske befolkninga i Noreg som tel om lag 1000 menneske i Nord-Salten.

Lokalavisa NordSalten, har sidan 2002/2003 som eineste avis i landet, hatt stoff på lulesamisk språk i utgåvene kvar veke. I tillegg har avisa sjølvsagt også mange innslag på norsk som handlar om lokale, samiske forhold.

Felles for nesten alle vaksne blant lulesamane er at dei aldri har fått opplæring i sitt eige språk.

Skriftspråket er ikkje-normert og framleis under utvikling.

Lokalavisa NordSaltens lulesamiske avisprosjekt var i utgangspunktet kontroversielt, avisa uttrykker ei klar oppfatning av at det lulesamiske innslaget i Lokalavisa NordSalten har brakt dei to kulturane i lokalsamfunnet nærmare kvarandre.

Til LLA fortel Lokalavisa Nordsalten at årlege kostnader i dag overstig kostnadane med den lulesamiske delen. Avisar har ikkje økonomi til at satsinga på samisk stoff skal gå på bekostning av det "norske" avisstoffet. Dei siste åra har støtte frå Nordland Fylkeskommune gjort det muleg å oppretthalda eit tilbod på lulesamisk, men at dei på sikt er avhengig av forutsigbart tilskot gjennom pressestøtta til samiske aviser.

Hovedmålet med samisk pressestøtte må vera å yte støtte til samiske avisprosjekt som i praksis viser seg å fungera – og som blir nytta av målgruppa, i dette tilfelle den lulesamiske befolkninga.

Lokalavisa Nordsalten hevdar at dersom ein i dei nye forskriftene vel å halde seg til ein prosentsats for tildeling til lulesamisk "innstikk"/avissider i eksisterande lokalavis, så vil ei videreføring av dagens eine prosent føre til at tilbudet må leggst ned. Avisar seier at ein sats på 2 prosent vil vera til "å leva med", men fortsatt gi det heile eit preg av dugnad og idealisme og heller ikkje gi rom for videreutvikling av tilbudet. Frå 3 prosent og oppover kan gi rom for både kvalitetssikring og utviding av det lulesamiske avistilbudet.

Dei samme problemstillingar i forhold til forslaget til forskrift som gjeld lulesamisk språk gjeld og for den sørsamiske befolkninga, hovudsakeleg på Snåsa. Frå og med 2008 er Snåsa blitt ein tospråkleg kommune og lokalavisa Snåsningen har i samband med dette starta planlegging av stoff på sørsamisk i avisa. Men dersom lokalavisa Snåsningen kunna gje avistilbod på sørsamisk må rammevilkåra gjennom den nye forskriften gjera dette økonomisk muleg.

Oslo 28. mars 2008

Landslaget for Lokalaviser

Rune Hetland

Generalsekretær